




Hei til alle som er 4 år i år!
KOM OG BLI MED I KYRKJA



Me inviterer

alle 4 åringane i Ølen og Ølensvåg til

Familiegudsteneste/hausttakkefest
Søndag 27.oktober Kl.16.00 (merk tida!) i Ølen kyrkje

Der skal 4-åringane få ei fin bok som heiter «Bibelen for barn»

(OBS! Gudstenesta er det første arrangementet i nyoppussa kyrkje—til og med far jubileumsveka! - og ja, me satsar på å vere i mål...men har Kyrkjjetunet som reserve så gudsteneste blir det uansett!)



4 åringane får bli med å gå inn i prosesjon heilt i starten. Fint om borna kan ta med seg litt frukt, grønnsaker eller haustblomar som dei kan bere inn og pynte med i kyrkja + det er lurt å kome litt før.

5.klassingane blir også spesielt inviterte og får bok i denne gudstenesta. Ta med storfamilien, besteforeldre, fadrar mm og kom!



Me ønskjer også å invitere til
4-årssamlinga «Heime i kyrkja»
Laurdag 2.november kl.10.30-12.00 i Ølen kyrkje

Då skal me få utforske den nyoppussa kyrkja, leite etter kosedyr, bli med på å døype ei dokke, høyre forteljing, syngje og leike og spise litt. Ta med ein vaksen og kom :)

Me bruker appen Spond for informasjon om aktivitetar i kyrkja. Bli gjerne med i gruppa for årskullet 2020: <https://group.spond.com/HREQJ>

Gi også gjerne beskjed i Spond eller på sms om de kjem her og/eller der så kan me skrive namnet til 4-åringen i Barnebibelen. Kontakt kateket Britt om du lurar på noko, eller det er allergiar me må ta omsyn til på 4-årssamlinga (tlf 45221580)

4-årssamlinga og utdelinga av barnebibel er del av kyrkjelyden sitt trusopplæringsarbeid. Me kan berre invitere med namn dei me har i medlemsregisteret vårt, men **alle 4-åringar er velkomne**, uansett kyrkjjetilhøyrslse, så **del gjerne invitasjonen** i ulike grupper for 2020-kullet!

Hjarteleg velkomen, til både gudsteneste og 4-årssamling!

Helsing Ølen og Bjoa kyrkjelyd